

Langt bortom rømd som blånar

**Langt bortom rømd som blånar, lengre enn soler går.
Høgre enn stjerner strålar, den barnlege bøna når!
Ånda frå skuggestrender lyfter sitt vengepar,
bankar på himmelporten og søker sin heim , sin Far.**

**Verdlaust vert alt i verda, maktlaus kvar jordisk ven,
sjela finn ro og feste åleine i himmelen.
Såraste sorg skal stilna, mørker til morgen snu,
berre du trutt vil vandra på bøna si himmelbru.**

**Veikaste barn som vender hjarta til Herren sterk,
maktar langt meir enn kjemper som lit på sitt eige verk.
Måtte me alltid minnast kvar me i verda går,
at til Guds eige hjarta den barnelege bøna når.**

Tekst: Augusta Lönorg 1895 - Norsk tekst: Nils Lavik 1939.

Melodi: Julius Dahlöf 1906